

Månadsbrev september 2024

Så var det alt september... Overnattingsturen til Feed er gjennomført. Vêrmeldinga endra seg stadig, men dei fleste hadde pakka passande klede og me fekk gjennomført bli kjent-turane me hadde planlagt. Me trong mange redningsvestar, og Bua hjelper fort med lân. Det blei ikkje besök i 1.-2. klasse av O-visjonen, men refleksvestane ligg klare, og me får kanskje besök etter kvart. Rogaland teater har delt ut gratisbillettar til to klassar, og Sinnes skule er ein av dei heldige!



September blir visst like aktiv som august, for 8. og 9. klasse reiser på **trivselsleiarkurs** i Kvinesdal allereie 4. september. Småskulen har **foreldremøte** 9. og mellomtrinnet 11. september. Gunn Iren skal på **kritikarklasseseminar** i U-prisen sidan 8.-9. klasse er plukka ut til å gjera ein lese- og kritikarinnsats der. **Norli sin lesekonkurranse** startar 16. september, og 1.-7. klasse kan lesa mange og gode bøker heilt til 6. desember. Same dag, 16. september, reiser 7. klasse på **leirskule** til Haraldvigen saman med Sandra. **BlimE-dagen** er 20. september med filming av dansen og 1.-4. klasse er "**Kongle for ein dag**" (eller to) 24. og 27. september.

Det blir mykje **kulturell skulesekk**, der me byrjar 13. september med **Musikktyven - et syngespill for barn** for 1.-7. klasse. "Dette er en barneopera som gir elevene en uhøytidelig innføring i musikhistorie og et møte med den klassiske musikksjangeren." 17. september skal 5.-7. klasse sjå **Sparkekoret** - ein film om "Ti år gamle Gabriel ønsker å synge i det lokale koret som kjører sparketog fra hus til hus, for å samle inn penger og klær til de nyankomne flyktningene. Men når faren til Gabriel kommer i klammeri med en av bygdas flyktninger, havner Gabriel i et dilemma." Ungdomstrinnet fortset med



"**Kortdokumentaren Det finnes ingen naboer her lenger** (som) tar utgangspunkt i et dikt av kunstner og samfunnsdebattant Hanna Asefaw. Filmen trer inn i diktets univers, og introduserer en visuell oppveksthistorie fra en kommunal bolig på Grünerløkka i Oslo på slutten av 90-tallet." 24. september. <https://www.denkulturelleskolesekken.no/agder/>

5., 8. og 9. klasse skal i løpet av september gjennomføra **nasjonale prøver**. 5. klasse har rekning 17., lesing 24. og engelsk 26. september, 8. klasse har engelsk 18. september, og det blir rekning 16. og lesing 17. for 8. og 9. klasse. 3. klasse skal ha **kartleggingsprøve** i lesing og rekning ein gong frå 30. september til 25. oktober.

Det blir ein del lærarar borte innimellom, for Karine og Erik reiser til Trondheim og Frøya på UNESCO-seminar med overskrift "En vei ut av naturkrisen" 11.-13. september, medan Anne, Kristina og Gunn Iren skal på dyskalkulikurs 16. september og Erik skal på landskurs for rådgjevarar 25.-27. september.

Sinnes 01.09.24, Åse-Berit (rektor)

